



## Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyret sitt kontor, Ulvik  
Dato: 09.11.16  
Klokkeslett: 18.00-20.30

### Tilstades på møtet

#### Medlem:

Knut Sygnestveit  
Stig Yngve Røkenes  
Atle Ulgenes

#### Vara:

Hanne Li

#### Sekretær:

Harald Normann Andersen

### Saksliste

- 20/16 Meldingar
- 21/16 Søknad om løyve til å kviste ny skiløype på Finse
- 22/16 Varsel om oppstart av planarbeid – mindre reguleringsendring
- 23/16 Søknad om løyve til å leggje ut gangbruer i sti ved Finsefetene
- 24/16 Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion – høyring
- 25/16 Høyringsuttale Konseptvalutredning rv.7 og rv.52 Gol – Voss
- 26/16 Info frå dagleg leiar

### Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Hanne Li

### Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. Magasinvegen 35, 5705 Voss
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Meldingar frå	Innhald
24/16 ØN fjellstyre	Møtebok
25/16 ØN fjellstyre	Årsmelding
26/16 Statskog	Ulvik Statsallmenning – vedr. grunneigars løyve til å leggje til rette for sti rundt Jomfrunut på Finse
27/16 DNT Oslo og Omegn	Søknad om løyve til å kviste skiløype på Finse
28/16 Norges Fjellstyresamband	Høyringsnotat – Ny forskrift om jakt –og fangsttider samt sanking av egg og dun for perioden 1. april 207 – 31. mars 2022
29/16 Norges Fjellstyresamband	Innkalling til Landsmøte samt sakspapir og program
30/16 Ulvik herad	Kopi – Melding om tinglyst festeeigedom under gnr. 38/1
31/16 Universitetet i Oslo	Søknad om å setje ut værstasjonar på Finse ( handsama pr. tlf )
32/16 Statskog	Ulvik Statsallmenning – søknad om flytting og oppdatering av Finse værstasjon
33/16 Hardangerv. Villreinnemnd	Tildelte fellingsløyve villrein – rapporterings skjema 2016
34/16 Nordfjella Villreinnemnd	Tildelte fellingsløyve villrein – rapporterings skjema 2016
35/16 Ulvik fjellstyre	Søknad om løyve til å setje ut fisk i Ulvik Statsallmenning, Tverråvatni og Lengjedalstjødnane
36/16 Hordaland Fylkeskommune	Løyve til fiskeslepp i Ulvik Statsallmenning
37/16 Ulvik fjellstyre	Uttale vedr. utsetjing av værstasjonar i Finseområdet i regi av UIO
38/16 Statskog	Uttale vedr. høyring på søknad om utplassering av 7 værstasjonar innanfor Ulvik Statsallmenning ( Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde )
39/16 Bagnstrand jaktfelt	Fornyng av samjaktavtale - villreinjakt
40/16 Veglaget Storurdi-Finse	Årsmøtereferat
41/16 Statskog	Ulvik Statsallmenning – vedr. søknad om utsetjing av viltkamera i høve forskning på mink i vassdraget mellom Fagervatnet innanfor Ulvik herad og Taugavatnet i Hol kommune
42/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – prosesskriv til Hardanger tingrett. Gjeld skjønn anleggsskader og ulemper – 420 KV linje Sima - Samnanger
43/16 Gjensidige	Forsikringsdokument
44/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – Kopi av prosesskriv frå Statnett til Hardanger tingrett. Gjeld ekspropriasjonsskjønn til fastsetjing av erstatning for skade og ulemper som fylje av anleggsvirksomheit knytt til bygging av kraftledning

45/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – Kopi av prosesskriv. Gjeld ekspropriasjonsskjønn til fastsetjing av erstatning for skade og ulemper som fylje av anleggsvirksomheit knytt til bygging av kraftledning. Gjenstående krav frå saksøkt – Statnett sine standpunkt i saka.
46/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – Kopi av advokatfirma Harris sitt prosesskriv d.d. 22.08.16. Gjeld anleggsskader og Ulemper – 420 KV linje Sima – Samnanger
47/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – Kopi av advokatfirma Harris sitt prosesskriv d.d. 30.08.16. Gjeld anleggsskader og Ulemper – 420 KV linje Sima – Samnanger
48/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – Kopi av Statnett sitt prosesskriv d.d. 31.08.16. Saken gjeld ekspropriasjonsskjønn til fastsetjing av erstatning for skade og ulemper som fylje av anleggsvirksomheit knytt til bygging av kraftledning
49/16 Advokatfirma Harris	Til underretning – Kopi av Statnett sitt prosesskriv d.d. 02.09.16. Saken gjeld ekspropriasjonsskjønn til fastsetjing av erstatning for skade og ulemper som fylje av anleggsvirksomheit knytt til bygging av kraftledning
50/16 Ulvik herad	Melding om vedtak -50 nye adresser i Ulvik
51/16 Asplan Viak	Varsel om oppstart av planarbeid – mindre reguleringsending
52/16 DNT Oslo og Omegn	Søknad om løyve til å leggje ut gangbaner i sti ved Finsefetene.
53/16 Hordaland fylkeskommune	Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen – høyring
54/16 Eidfjord fjellstyre	Høyringsuttale Konseptvalutredning rv. 7 og rv. 52 Gol - Voss

Harald las opp meldingane

**Saksutgreiing:**

Ved å kviste ein trasse' på om lag 3 kilometer på nordsida av Hardangerjøkulen vil ein kunne få til ei rundløype for turistane som besøker Finse vinterstid. I dag vert det kvista løype til Appelsinhytta, og somme år ei rundløype vidare over breen og tilbake over Finsevatnet. Det er og ein trasse' til Krækkja som står ferdig til 1. mars, eller til den dato Kjækkja opnar for vintersesongen. Den nye skiløypa ein søker om løyve til å kviste vil binde saman desse løypene å gje ein rundtur på om lag 10-11 km.

Om løyve vert gitt vil løypa verta kvista frå vintersesongen 2017 og merka med naturkvist. DNT Oslo og Omegn ber om løyve til å kviste samstundes med at løypa til Krækkja kvistast, og at kvistinga kan haldast ved like fram til 17. mai.

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre er positive til tiltaket med å kviste ny skiløype i h.h.t. teikning på kart lagt ved søknad sendt 25. mai 2016. Når det gjeld vedlikehald av kvisting oppmoar fjellstyret til at dette arbeidet vert avslutta innan 15. mai. Dette datoen gjeld og for dei som har ervervsløyve for scooter på Finse i Ulvik herad. DNT Oslo og Omegn bør og gjennomføre naudsyn kvisting innan nemnde dato.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 22/16    Varsel om oppstart av planarbeid – mindre reguleringsendring    09.11.16****Saksutgreiing:**

DNT Oslo og Omegn har ei tid arbeid med planar om rehabilitering/modernisering av Finsehytta. Det er ein del utfordringar knytt til drifta av hytta som gjer at det er behov for ei oppgradering og endring av bygget. Det er ikkje aktuelt å auke talet på senger på Finsehytta. Gjennom tiltaka ynskjer DNT å gjere bygget meir moderne og funksjonelt for gjester og tilsette.

Det er og ynskjeleg å få ført opp ein ny garasje med tilhøyrande lagerplass i området ved Finsehytta, og rehabilitering/utvikling av «Brebua» som i dag inneheld sovesal men som er å dårleg stand.

Vidare er det ynskjeleg å få utvida tenestebustaden som vert nytta av dei tilsette på Finsehytta, som ligg ved Jernbanestasjonen.

Ulvik fjellstyre skal koma med eventuelle merknadar til Statskog i høve jakt, fiske og dei bruksberettigede sine rettigheter. Frist er sett til 15. november 2016.

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre har ingen merknader til tiltaka i høve jakt, fiske og dei bruksberettigte sine rettigheter.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 23/16      Søknad om løyve til å leggje ut gangbaner i sti      09.11.16****Saksutgreiing:**

DNT Oslo og Omegn ynskjer å leggje gangbaner i stien som går mellom Finse i retning Krækkja og Kjeldebu. Det er behov for å leggje ut gangbaner på tre stader der stien kryssar Finsefetene. Til gangbaner nyttast impregnert plank 48x148. Det vert lagt to lengder parallelt og med underliggjande labanker for kvar meter. Om løyve vert gjeven, vert materialane køyrd ut i samband med kvisting av skiløyper komande vinter. Arbeidet vert gjort på dugnad sommaren 2017.

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre ser på tiltaket som særst positivt, og har ingen merknader til at det vert lagt ut 3 gangbaner ved Finsefetene. Gangbanene skal leggjast ut i h.h.t. GPS posisjonane som er gjeven opp i søknaden.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 24/16      Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion – høyring      09.11.16****Saksutgreiing**

I samband med at Stortinget i vårsesjonen 2015 handsama St.meld. 14 (2014 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i kommunereforma, med sikte på å fastlegge struktur for eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017.

Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringar på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ei oppfølging av denne invitasjonen er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. På fylkestinget, 5.oktober 2016, vart det vedteke å legge denne intensjonsplanen ut på høyring før endeleg vedtak om etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016:

1. «Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløyisingar.
4. Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»

Med grunnlag i dette vedtaket vert intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen lagt ut på open høyring. Det vert med utgangspunkt i denne intensjonsplanen bedt om synspunkt på om Hordaland fylkeskommune bør inngå i eit nytt regionalt folkevald nivå saman med fylkeskommunane Rogaland og Sogn og Fjordane.

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre meiner at dette ligg utanfor fjellstyret sitt saksfelt, og ein ser difor ikkje grunn til å gje uttale i denne saka.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 25/16      Høyringsuttale Konseptvalutredning rv.7 og rv.52 Gol – Voss 09.11.16**

**Saksutgreiing:**

I oppdragsbrevet til Miljøverndepartementet, dagsett 12, april 2007, som seinare resulterte i Regional plan for Hardangervidda, skreiv Helen Bjørnøy at Norge har teke på seg eit internasjonalt ansvar for å ivareta dei siste villreinstammene i Europa.

Det sto fyljande i brevet:

« Norge er det eneste landet i Europa som har intakte høyfjellsøkosystemer med bestander av villrein. Vi har derfor et internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og de naturlige leveområdene den er avhengig av. Det skal fokuseres på å opprettholde og utbedre mulighetene for vandring og utveksling mellom tilstøtende nasjonale villreinområder innenfor de europeiske villreinregionene».

Dette vart dermed heilt sentrale føringar for arbeidet med Regional Plan for Hardangervidda og i samandraget til plandokumentet er det skrive:

« I brev datert 12. april 2007 fikk fylkeskommunene i oppdrag å utarbeide planer for en helhetlig forvaltning av fjellområder som er spesielt viktige for villreinens fremtid i Norge».

Vidare står det i plandokumentet at:

« Planarbeidet har særlig understreket den samfunnsmessige betydningen av vinteråpen Rv7 med forbedrede krysningsmuligheter for villreinen. En viktig oppfølgingsoppgave av det regionale planarbeidet er å være pådriver for videreføring av arbeidet med utbedring av Rv7 med sikte på trafikkmessig sikrere veg og bedre krysningsmuligheter for villreinen. Både utbedring av eksisterende trase' og/eller ny Hardangerviddatunnel er viktige tiltak».

**Framlegg til vedtak:**

Eidfjord fjellstyre har sendt ein høyringsuttale til Statens Vegvesen dagsett 02.11.16. Ulvik fjellstyre støttar fullt ut opp om Eidfjord Fjellstyre si uttale og dei viktige argumenta som kjem fram i denne saka.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 26/16      Info frå dagleg leiar**

**09.11.16**

- \* økonomi/rekneskap
- \* gjennomgang av villreinjakta 2016
- \* ny heimeside
- \* sal av villreinkort – arbeid med ny meir rasjonell ordning
- \* gjennomførte tiltak i statsallmenningen, jun. – okt. 2016
- \* planlagde tiltak i statsallmenningen 2017
- \* nykkelproblematikk på fjellstyrehyttene

Møtet slutt 20.30